

## Oversikt over tidligere vinnere av innovasjonsprisen

---

Forskningsrådets innovasjonspris blir gitt til ei verksemd som har utmerkt seg med eksepsjonelt god utnytting av forskingsresultat, og på den måten skapt forskningsbasert innovasjon. Verksemda må ha nytta seg av eitt eller fleire av Forskningsrådets verkemidlar.

---

**2018: Zivid** for å ha utvikla "robotaugo", ein 3D-kamerateknologi med ekstrem nøyaktigheit for robot- og automasjonsløysingar. Zivid er eit resultat av årelang, konsentrert FoU-innsats innanfor industri 4.0-segmentet, og bedrifta har ambisjonar om å skape eit internasjonalt kompetansemiljø innanfor 3D i Nydalen, Oslo.

**2017: Thermo Fisher Scientific** for å ha utviklet ein helt ny variant av sitt produkt, som muliggjør rask og effektiv analyse av menneskelige gener og dermed bedre diagnostikk og behandling. Dette har de gjort ved hjelp av solid forskning og kunnskap innen bioteknologi, nanoteknologi og IKT.

**2016: Dynatec** for banebrytande produksjonsmetode for silisium. Bedrifta leverte maskiner, omnar og utstyr til baking. Ved hjelp av forskning og innovasjon har bedrifta utvida forretningsområdet sitt og utvikla ein ny og meir effektiv måte å produsere silisium til solcelleindustrien. Dynatec har utvikla ein roterande omn, der sentrifugalkrafta gjer at silisium frå silangassen som blir spalta i reaktoren set seg på veggen, mens hydrogen blir spalta av og stig opp. Innovasjonen fører til sterkt redusert energi- og gassforbruk.

**2015: Borregaard AS** for systematisk og langsiktig arbeid med forskning, utvikling og innovasjon, og for å ha makta å omstille seg som følge av nye marknadsbehov og for å ha vist konkurransekraft på eit berekraftig vis. Borregaard har evna å integrere innovasjon i kulturgrunnlaget sitt, og marknad og produksjon er sterkt involvert i innovasjonsprosessane. Borregaard er ein god rollemodell og ei inspirasjonskjelde i ei tid som kallar på omstilling.

**2014: Polybait AS** for å ha utvikla eit kunstig agn for fritidsfiske, teinefiske og linefiske. Det kunstige agnet erstattar bruken av fisk som agn, og er med på å gjere fiskerinæringa meir berekraftig. Bedrifta har brukt forskning aktivt for å utvikle produkta sine, og har store ambisjonar og stort potensial når det gjeld å kople forskning, innovasjon og berekraft.

**2013: Prox Dynamics AS** for å ha utvikla verdas minste ubemanna luftfartøy som berre veg 16 gram og kan brukast til å overvåke og kartlegge område på inntil éin kilometer. Helikopteret er enkelt å betene og lett å transportere. Nyvinninga er basert på moderne mikroelektronikk, ny sensorteknologi og kreativ aerodynamikk.

**2012: Cambi AS og Oslo kommune Energigjenvinningssetaten (EGE)**, for å ha gått saman om å bruke forskning og systemtenking for å etablere ein banebrytande biogassfabrikk i Nes på Romerike. Ved fabriken blir biogass oppgradert til flytande biometan. Biometan blir brukt som drivstoff, og næringsstoffa frå matavfallet blir til biogjødsel. Samarbeidet er eit godt eksempel på kundedreven innovasjon, kor brukarperspektivet har vore eit viktig element.

**2011: Laerdal Medical AS**, for si evne til å ta i bruk forskingsresultat på ein måte som skapar både økonomiske og samfunnmessige verdiar. Frå å vere ei tradisjonell produksjonsbedrift har bedrifta, gjennom systematisk innovasjonsarbeid, utvikla seg til å bli ei moderne kunnskapsbedrift og internasjonal marknadsleiar innafor opplærings- og behandlingsprodukt for livreddande førstehjelp.

**2010: Abilia AS** har vist stor innovasjonsevne gjennom fleire år og har mellom anna konstruert verdas første augestyrt køresystem for rullestolar.

**2009: DiaGenic ASA** har forska fram nye metodar for enkel diagnose ved hjelp av blodprøve. Teknologi for å diagnostisere brystkreft, alzheimer og parkinson er teke i bruk.

**2008: Bionor Immuno ASA** utviklar vaksiner og har vist lovande resultat i behandling av virus som eksisterande vaksiner ikkje har vore effektive mot.

**2007: REC ASA** har gjennom forskning og innovasjon vore med på å skape ein solenergiindustri i Noreg og blitt ein av verdas leiande leverandørar.